

2. Innstilling S. E.: Innstilling fra finans- og tollkomiteen om forhøyelse av det ekstraordinære tillegg til den gjeldende innførselstoll.

Enstemmig vedtatt med den tilføyelse at der i femte linje nedenfra på side 2, under avsnittet II tilføyes ordene «Kork B. a. 1 og 2» mellom «Brennevin 1. og 2.» og ordene «Vin 1. a., 1. b. og 2. a.».

Protokollen opplest og vedtatt.

Møtet hevet.

**Møte for lukkede dører  
tirsdag den 2 april 1940 kl. 10.**

President: Magnus Nilssen.

Dagsorden:

1. Utenriksministeren vil gi en redegjørelse.
2. Referat.

**Presidenten:** Presidenten foreslår møtet holdt for lukkede dører og anser det forslag vedtatt

Presidenten foreslår videre at Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenen § 54 nevnte funksjonærer gis adgang til møtet, og videre at utenriksråd Bull, ekspedisjonssjef Smith og byråsjef Irgens fra Utenriksdepartementet og direktør Prebensen fra Forsyningsdepartementet samt representanter for de Oslo-aviser og pressekontorer som innkalles til fortrolige møter i Utenriksdepartementet, gis adgang. — Det anses vedtatt.

**Statsråd Koht:** Eg skal i dag få gjera greie for dei avtalane — dei mellombels avtalane — som nyleg har komi i stand med Stor-Britannia og Tyskland om handelsvilkåra no i krigstida. Eg gav utførleg opplysning om dei forhandlingane som var ført i dei fyrste krigsmånadene, heilt fram til slutten av året 1939, i stortingsmøte bak stengde dører den 8 januar, det siste møtet i Omframstortinget 1939—40. Og eg skal ikkje ta oppatt det eg den gongen fortalde. Eg skal berre minne om at den norske regjeringa — til liks med regjeringane i dei andre nordiske landa — hadde sett opp frå fyrste stund den grunnsetninga for handelspolitikken sin i krigstida at vi skulle halde oppe det normale varebyttet — utan auke og utan mink, i det minste i all hovudsak — med alle dei landa som var i krig. Og vi hadde fått denne grunnsetninga godkjent i prinsippet av alle desse landa, så forhandlingane kunne bli ført på dette grunnlaget. Men så hende det midt i forhandlingane

at den britiske regjeringa bråsnudde og med ein gong — det var den 16 desember — sa ifrå at no ville ho krevja at vi skulle sperre handelen vår med Tyskland så mykje som berre råd var, og serskilt setja stenge for utførsla for ei rekke av dei viktigaste norske varene. Eg skal ikkje i dag gå inn på grunnane til dette bråkastet i den engelske politikken. Eg vil berre slå fast at det tvinga oss til å ta opp forhandlingane mest heilt ifrå nytt, så det kom til å vara mykje lenger enn det elles ville ha gjort med å få ført dei fram til endskap. For ein endskap nådde vi da til slutt etter mykje strev, og la meg straks seia at denne endskapen vart at den britiske regjeringa etter kvart kom tilbake til det opphavlege utgangspunktet, såleis at avtalen med oss — likså vel som med Sverige — kom til å byggje på grunnsetninga om normalt varebyte. Eg trur at den britiske regjeringa meir og meir skjønnte at kravet om handelssperring til den eine sida var eit urimeleg og umogleg krav, og så gav ho det opp.

Etter det fyrste skriftlege meiningsutbyttet i september vart forhandlingane med Stor-Britannia ført i Oslo frå 20 til 29 november, så i London frå 8 desember 1939 til 15 januar 1940, og til slutt i Oslo frå 26 januar til 22 februar. I London hadde vi ein sterk delegasjon med målsmenner for alle dei viktigaste næringsgreinene som det var spørsmål om, og det var der grunnen vart lagd for avtalen. Siste gongen i Oslo var det meir finpuss i detaljane det galdt om, og da turvte ikkje desse næringsrepresentantene vera med heile tida.

Heile denne forhandlinga var eit ovlag vanskeleg arbeid som kravde ikkje berre rik kunnskap i allslags næringspolitiske spørsmål og rein traktat-teknikk, men dessutan stor forhandlingsevne, både styrke, takt og politisk skjønn, og det er ei glede for meg å kunna gje ombodsmennene våre dei beste lovord for den måten dei førde forhandlinga på. Sjølv sagt gjeld dette serleg formannen for delegasjonen, direktør Prebensen i Forsyningsdepartementet.

Den avtalen som til slutt kom i stand med Stor-Britannia og som endeleg vart underskriven i London den 11 mars, fekk ikkje form i det som ein vanleg kallar avtale, — ein traktat eller ein konvensjon. Det hadde sin serskilde grunn deri at alt som forhandlarane — og etterpå regjeringane — vart einige om, det var ikkje tenkt til å vera ein varig skipnad, og dei avtalane som Noreg hadde med Stor-Britannia frå før, dei står framleis ved lag, berre med dei unnataka som no mellombels vart vedtekne. Den nye avtalen er berre ein krigstid-avtale, bygd på den grunnsetninga at det norske handelssamkvemmet

med andre land skal bli haldi oppe så langt råd er trass i krigen, så ein kan seia at formålet med den nye avtalen er å gjera det mogleg å gjennomføre dei eldre avtalane innafor dei grensene som krigen sett. Denne grunnsetninga har da fått form i ein protokoll der baa dei to regjeringane kvar for seg forkynner at slik er formålet deira.

I hop med protokollen er det ei lang rekke vedlegg, innpå tretti i talet, av mange ulike slag. Her er deklarasjonar frå kvar regjering for seg om reglar dei vil fylgje for utførsel og for kontroll. Her er lister på varer som det skal gjelde serskilde reglar for. Her er instruksar, ålmenne og serlege for den kommisjonen som skal sjå etter at reglane blir rett gjennomførde. Og her er 21 brev som er bytt mellom den norske delegasjonen og britiske ombodsmenner, brev som handlar om mange ulike ser-spørsmål. Alt i hop er mest som ei mangfaldig chinesisk øskje, den eine inni den andre, og den som ikkje har fått fylgje med forhandlingane frå dag til dag, men som skal freiste finne greie i alt dette, han har eit stort granskingsarbeid for seg. For min personlege part fylgde eg med i forhandlingane gjennom skriftlege og munnlege rapportar eg fekk, og mange gonger fekk eg lagt fram for meg spørsmål som eg måtte ta standpunkt til. På den måten fekk eg da rett bra kjennskap til dei motsette krava som det galdt om å forlike, og dei semjene som etter kvart voks ut or striden. Eg skal no freiste på å gje Stortinget eit oversyn over resultatet av forhandlingane så klart som det er mogleg for meg, og eg skal då ikkje feste meg større ved dei serskilde formene kvart punkt har fått, men leggje alt fram etter den reelle samanhengen i spørsmåla.

Som sagt: formålet for den nye avtalen er å halde oppe varebyttet vårt med Stor-Britannia og med andre land i normalt omfang, og det som her er meint med normalt omfang, det er for norsk utførsel handelen slik som han var i det siste fredsåret, året 1938, for den britiske utførsla til Noreg handelen i dei to åra 1937 og 1938, i baa tilfella etter den offisielle norske statistikken. Det praktiske grunnlaget som så forskriftene i avtalen bygger på, det er det ålmenne norske utførselsforbodet frå 26 august 1939. Stortinget hugsar at det var noko usemje om dette utførselsforbodet, om det burde ha vori utferda eller ikkje. Eg sa den gongen at anten ein så lika eller mislika det, så meinte eg det var uråd å koma utanom det; det fanst ingen annan utveg til å møte dei krava som regjeringane i dei krigførande statane sette. Eg trur at det resultatet eg no skal leggje fram, syner at det var ovende nyttig at vi på førehand hadde

slikt eit ålment utførselsforbod; med hjelp av det kunne vi få ålmenne reglar til lette for handelen vår, og vi kunne verja det private næringslivet mot mange inngrep i fridomen sin.

Det seier seg sjølv at når vi hadde slikt eit utførselsforbod, så måtte staten — i dette tilfelle Forsyningsdepartementet — gje lisensar til alt som skulle få bli utført or landet. Og det som det da fyrst og fremst galdt om for Stor-Britannia, det var å hindre at Noreg skulle bli eit gjennomgangsland for varer som var esla til Tyskland. Slik gjennomførsel til Tyskland høyrde ikkje frå før med til den normale norske handelen, og det var difor lett for Noreg å lova at det skulle ikkje bli slik gjennomførsel i krigstida heller. Det vart sett opp ei liste på dei varene, store og små, som Noreg av den grunn skulle nekte utførselsløyve for, og dermed var det gjevi ei føresetning for at Stor-Britannia ikkje skulle freiste på å hindre at slike varer vart innførde til Noreg. Her var såleis eit spørsmål som kunne bli løyst med vinning for baa partane. Eg berre må nemne at det absolutte utførselsforbodet likevel ikke gjeld for slike varer når dei skal til eitt av dei andre nordiske landa under den føresetninga av varene blir verande der i landet, dette er ein sers viktig ting for det nordiske samarbeidet.

Det som var eit vanskeleg spørsmål i denne samanhengen, det var om vi skulle kunna gje utførselsløyve for varer som var laga av eller med hjelp av slike innførde varer som ikkje måtte bli utførde til Tyskland. Frå fyrsten sette dei på engelsk side så strenge krav i dette stykket så jamvel dei som nytta engelske driftsreidskapar til produksjon, ikkje måtte få sende varene sine til Tyskland. Men etter kvart fekk vi da alt dette sett ned til rimelege mål, og det vart ikkje anna som vi har plikta oss til å la vera å føre ut enn varer som beint fram er laga av dei innførde varene det her var spørsmål om. Til full klargjering av kva som var meint med å vera «laga av» desse varene, vart det sett opp til ålmenne regel, at om det nye produktet inneholdt meir enn åttandeparten (12 ½ %) av slike innførde varer, rekna etter verdet, så skulle det ikkje få bli utført. Unnatak er likevel gjort for varer som blir nytta til innpakking og for olje og blekk til hermetikk, — der gjeld ikkje denne prosentgrensa så lenge ein berre held seg innafor det normale. Andre unnatak kan bli gjort av den serskilde kommisjonen eg har nemnt.

Med utgangspunkt i dei lovnadene som såleis Noreg har gjevi, har den britiske regjeringa på si side lova å gje løyve til normal vare-utførsel til Noreg, ja jamvel gå ut over denne normale utførsla om det skulle vera

turvande. Dessutan — og det er serskilt viktig — har den britiske regjeringa gjevi avkall på allslags garanti-fråsegner frå dei private importørane om at dei varene dei har fått ifrå England, ikkje i noka form skal bli utførde att. Og alle dei garanti-fråsegnene som var gjevne før denne siste avtalen kom i stand, skal slutte å gjelde. Eg seier at dette er serskilt viktig for di dei garantifråsegnene som før var kravd, i mange tilfelle gjekk så langt så dei som skreiv under på dei vart bundne på hender og føter og jamvel måtte leggje forretningane sine heilt under engelsk kontroll. Slikt hadde vi altfor mykje av i den førre verdskrigen, og trass i alt som vi protesterte heldt det på å bli ikkje så lite av det no og. Eg må nemne at dei store næringsorganisasjonane — Handelsstandet, Industriforbundet, Rederforbundet — hjelpte regjeringa lojalt i striden mot alle slike privatgarantier. Dess verre var ikkje alle dei einskilde forretningsmennene like lojale, så dei skreiv under mange leie garantiplikter, — til orsaking får ein seia at dei mange gonger var sett i ein tvangssituasjon. Men alt dette er vi no fri for, og det trur eg alle næringsdrivande er glade for.

Ein annan ting som vi like eins på same grunnlaget i hovudsaka har vorti fri for og som vi hadde mykje plage med i den førre krigen, — det er svartelistene. Vi kan ikkje hindre at engelskmennene har laga ei svarteliste på forretningar som beint fram er bygde på tysk kapital eller er bundne til Tyskland på annan måte. Men den britiske regjeringa har lova at ho ikkje skal setja i gang noko slag boikott imot norske forretningsfolk, deribland skipsreidarar, så lenge dei driv forretningane sine innafor den ramma avtalen har sett opp, d.v.s. innafor den normale handelen. Den ting å handle med Tyskland eller ha skipsfart på Tyskland er da for seg sjølv ingen grunn til å bli sett på svartelista. Eg har vitnemål om at denne lovnaden blir halde, og det er til stor trygd og hjelp for forretningsmennene våre.

Når det gjeld tilførsla til Noreg frå andre land, så har Stor-Britannia sett i verk ein streng kontroll som i prinsippet gjeld krigskontrabande; men sia krigskontrabande er eit svært romsleg omgrep, så kan kontrollen få verknad for mest all tilførsla vår, og serskilt kan han da gå ut på å tryggje at ikkje dei skipa som er på veg til Noreg, fører varer til Tyskland. Sia no den norske regjeringa har teki på seg ålmenn garanti mot gjennomførsel til Tyskland, så har Stor-Britannia lova at kontrollen skal bli så lempeleg som mogleg for alle dei skipa og dei lastane som blir dekt av denne regjeringsgarantien, og

det er gjort avtale om formene både for garantien og for kontrollen som skal gjera det lettare enn det no har vori i det siste halve året å føre varer til Noreg. Med omsyn på denne tilførsla er det dessutan gjort avtalar om vareopplag som vi kan ynskje å ha her i landet med tanke på at det kunne bli vanskar med å få varer nok av visse slag, serleg næringsvarer og råemne til industrien.

Frå fyrsten, og langt utigjennom forhandlingane, gjekk det britiske kravet i røynda ut på full kontroll over all norsk handel, utførsel og innførsel. Men kontrollen med innførsla fekk vi no avgrensa — og det gjekk etter måten lett, for dei faktiske vilkåra sette ei naturleg grense — til alt det som kom hit til landet sjøvegen vestafrå. Innførsla vår frå dei andre nordiske landa og frå Tyskland kunne ikkje England få lagt under sin kontroll, og gjennomførsel eller utførsel for varer som kom til Noreg frå desse landa, kunne ikkje heller England få makt over. Alt slikt måtte da bli haldi utafør, — her er ei av grensene for den avtalen som er gjord. Eg nemner som ein sidemerknad at dette bl. a. har verknad for den svenske malmutførsla over Narvik, — den er det ikkje sett noko slag stenge for i nokon avtale.

Så er det i avtalen gjort skilnad på norske varer og innførde varer. Det er berre dei innførde varene som vi — i samsvar med vår eigen regel om varebyte — ikkje skal utføre att til Tyskland. Eg nemnde i fyrstninga av denne utgreiinga at den britiske regjeringa ein gong midt i forhandlinga kom med krav om at vi ikkje skulle utføre til Tyskland norske varer heller, — ikke ein fisk, ikkje ein sekk fiskemjøl, ikkje ein drope fiskeolje, ikkje eit tonn kvalolje, var det sagt. Og det var dette kravet som gjorde dei største vanskanene i forhandlingane. Men på norsk side heldt vi sterkt fast på at dei varene vi sjølve produserte, om så i nokon mon med hjelp av innførde og jamvel engelske reidskapar, dei måtte vi ha rett til å selja til andre land i same omfanget som før. Og dette fekk vi til slutt fastslegi. Det gjeld t. d. for slike varer som jernmalm og svovelkis, enda det er tydelege kontrabandeverar. Likså vel gjeld det for fisk og fiskeprodukt. Ja, for ferskfisk, både torsk og sild, har England jamvel gått med på at vi på visse føresetningar kan auke den normale utførsla vår til Tyskland med det tidobbelte, — frå dei stakkars 5 000 tonn som vi før har sendt dit, heilt opp til 55 000 tonn.

I den samanhengen er det verdt å nemne at når vi byggjer på grunnsetninga om normalt varebyte, så kan vi likevel i somme tilfelle koma til å auke utførsla vår, og det er i sjølve avtalen tenkt på for visse varer. Men føreset-

ninga er da at auken er jamstor til bae sidene, såleis at ingen mismon blir gjord.

Av norske varer er det ei som står i eit rom for seg sjølv, for di ho nok blir produsert av nordmenn og for norsk kapital, men ikkje her i landet, — det er kvalolja. Den tyske sendemannen her kom til meg gong på gong og sa at her måtte Noreg halde oppe herreretten sin og syne at det er eit sjølvstendig land: kvalolja er norsk, og nordmennene må stå på at dei kan selja ho til kven dei vil. Men eg måtte peike på at sia kvalolja kom til oss over havet heilt sør ifrå Antarktis, så kunne faktisk engelskmennene leggje hendene sine på ho og hindre ho i å koma fram til oss. Her var eit maktspørsmål som både vi og tyskanne måtte ta omsyn til. Forhandlinga med engelskmennene førde da til at dei gjekk med på at vi skulle få ta heim 50 000 tonn av kvalolja til bruk for oss sjølve og dei andre nordiske landa. Inga rå kvalolje skulle vi få utføre til Tyskland. Dette hekk i hop med det store spørsmålet om feitt til Tyskland. Engelskmennene ville helst ha stengt all feittutførsel dit. Difor var det bl. a. at dei frå fyrsten ville forby oss å utføre sild til Tyskland; for det er så mykje feitt i silda. Dette siste gav dei no opp. Og i røynda gav dei opp forbodet mot kvalolje og. For dei gjekk til slutt med på at vi skal få selja 1 500 tonn feitt om månaden, det blir 18 000 tonn feitt om året, til Tyskland, og i dette feittet går da med både sildolje og anna fiskeolje, men elles bere herdt feitt. I det herde feittet er likevel mesteparten kvalolje, og på den måten kjem da kvalolja vår tyskanne og til godes.

Dermed har eg lagt fram alt det viktigaste i den nye avtalen med Stor-Britannia. Av ein-skilde ting elles skal eg berre nemne eit par ting som på ulik vis bryt med hovudregelen i avtalen. Det eine gjeld dei industriane i Noreg som i hovudsaka arbeider med engelsk eller fransk kapital og med råemne frå engelske eller franske land. Ein kan ikkje vente at dei skal drive på med utførsel til Tyskland. Her er det dessutan serskilt spørsmål om ymis metall-industri, såleis ei verksdrift som produserer reine kontrabandeverar. Likevel er det avtala og godkjent at slike forretningar kan få utføre til Tyskland dei varane som dei på førehand har fått råemne til.

Den andre tingen eg vil nemne er at for ei norsk vare har engelskmennene haldi oppe motstandet sitt mot at ho skulle få bli utført til Tyskland, og vi har mått gje etter. Det gjeld huder og skinn av naut, sauer og geiter. Berre kalveskinn kan vi framleis utføre til Tyskland. Engelskmennene la stor vekt på dette forbodet og dei kunne vise til at Sverige alt hadde gått med på det, så det var ikkje lett for oss å halde oppe motstandet vårt.

Men med slike mindre unnatak er da likevel avtalen bygd på grunnsetninga om normal handel, og det er nett dette som gjer at han ikkje synest høyre til dei avtalane som treng godkjenning av Stortinget. I hovudsaka er formålet for han å tryggje gjennomføringa i krigstida for den handelen som landet vårt elles normalt driv, så det er i grunnen administrative spørsmål det her mest gjeld.

Til å vaka over gjennomføringa skal det bli sett opp ein norsk-britisk kommisjon på åtte medlemmer, fire norske og fire britiske. Halvparten av kommisjonen, to norske og to britiske medlemmer, skal halde til i Oslo, den andre halvparten i London. Denne kommisjonen skal ta imot allslags opplysningar som vedkjem handelen, og han skal gje råd og rettleiing om alle spørsmål som melder seg. Om utgiftene med denne kommisjonen kjem det serskilt førelegg i den tilleggsproposisjonen for Utanriksdepartementet som om nokre dagar skal bli framsend til Stortinget.

Alt det som eg her har sagt om forhandling og avtale med Stor-Britannia, gjeld i røynda Frankrike og. Det vart straks frå fyrsten skipa såleis at alle krigshandelsspørsmåla skulle bli drøft med Stor-Britannia fyrst, og så hadde Frankrike jamt ein «observatør» til stades så det kunne fylgje med i drøftinga. Eit par gonger hende det at Frankrike la seg opp i sjølve forhandlinga med eitt eller anna innlegg eller framlegg. Men ærleg tala, det som såleis kom ifrå fransk side, var gjerne så urimeleg med krava sine på kontroll eller på avgrensingar, så det måtte berre bli lagt til sides. No har den franske regjeringa sagt seg viljug til å skrive under på det som er avtala med Stor-Britannia. Eg ventar at underskrifta skal koma ein av desse dagane. Og dermed har vi da alt i orden på den sida og.

Noko av det viktigaste i forhandlinga med Stor-Britannia var spørsmålet om å halde oppe den normale norske handelen med Tyskland. Men sjølv sagt, vi måtte forhandle med Tyskland og om dette. Desse forhandlingane kom i gang alt i september i fjor, dei heldt fram i november, og dei vart førde til endes i februar i år. Dei gjekk såleis heile tida jamsides med dei engelske forhandlingane, såleis som naturleg kunne vera når det i røynda var dei same spørsmåla som var drøft. Direktør Prebensen var formann for den delegasjonen som førde dei tyske forhandlingane og.

Det som det galdt om for Tyskland var å få same varemengdene frå Noreg som i fredstider, eller jamvel meir. Dette kravet vart serskilt sterkt framhaldi for fiskeutførsel, og det var nett av di at kravet var så sterkt at det lukkast for dei norske forhandlarane å få det drivi igjennom i avtalen med Stor-Britannia,

ja jamvel få fiskeutførsla auka, — dei engelske forhandlarane skjønnte godt at Noreg ikkje kunne gå med på nokon avtale som det ville vera umogleg å få godkjent av Tyskland. Det var viktig å koma tyskane til møtes i dette spørsmålet, for i ymse andre ting kunne dei ikkje få ynskemåla sine oppfylt, serskilt — såleis som eg før har nemnt — når det galdt kvalolje og visse metall.

Den avtalen som kom i stand i Tyskland, vart underskriven her i Oslo den 23 februar, såleis dagen etter forhandlinga med Stor-Britannia var førd til endes, — vi hadde da visse for at den britiske avtalen skulle bli godkjend i London. Den tyske avtalen fekk like eins form i ein protokoll, og det er beint fram sagt i denne protokollen at han er eit tillegg til eldre avtalar med Tyskland om varebyte og betalingsoppgjerd (avtalar frå 1937, 1938 og 1939). Til denne protokollen er det så knytt ei rekke med merknader om somme serskilte spørsmål, alt i hop i strengt trumål.

Hovudsaka i den nye avtalen er at han slår fast at i krigstida skal Noreg føre ut til Tyskland normale varemengder d.v.s. så mykje som det vart utført i året 1938 etter offisiell norsk statistikk. Dette er da plent det same som er sagt i avtalen med Stor-Britannia. Grunnregelen om normal utførsel vart serskilt fastslegen for sildemjøl og fiskemjøl. Men for somme varer er det sagt at av omsyn for si eiga forsyning kan ikkje Noreg føre ut nokon ting, — det gjeld t. d. for slike varer som visse slag kufor, ymse tekstilvarer, gammalt jern, smurningsolje m.m. Av andre grunner må det same gjelde for sink og aluminium, — det er av omsyn til den franske og engelske kapitalen i desse industriane. Men til vederlag kan vi auke utførsla for ferskfisk, og vi set inga avgrensing for trelast og visse mineral. Elles er det føreskrivi at om Tyskland kan skaffe råemne til visse varer som det elles er vanske med, såskal Noreg sende tilbake produkt som svarer til desse råemna. I samsvar med grunnregelen er det gjevi lovnad om at Noreg vil gjennomføre utførselsreguleringa slik at dei landa som er på den andre sida i krigen, ikkje skal bli betre medfarne enn Tyskland.

Ein ser at desse to avtalane som eg såleis har gjort greie for, svarar med kvarandre både i prinsipp og i einskildspørsmål. Formålet med dei baa to er at krigen skal gjera så lite skil som mogleg på vilkåra for den norske handelen. Ein kan seia det på den måten at avtalane går ut på å tryggje at dei eldre handelsavtalane vi har, kan få bli gjennomførde i praksis så langt som råd er.

Sjølvsagt gjeld desse nye avtalane berre for krigstida. Men dei kan bli oppsagde med var-

sel på ein månad. Her er likevel den skilnaden at den britiske avtalen kan bli oppsagd alt etter han har stått ved lag berre tre månader, men den tyske avtalen gjeld heile året 1940 til endes. Likevel kan regjeringane, den norske og den tyske, ta opp forhandling om brigde i avtalen så fram vilkåra skifter i den tidbolken han gjeld for, og blir ikkje da dei to regjeringane samde, så kan dei straks seia opp avtalen på ein månad. På den måten er det råd til å hindre at Noreg skal vera bundi til den eine sida og ikkje til den andre.

Dermed har eg gjevi alle dei opplysningane som eg trur det kan vera bruk for å gje om dei krigshandelsavtalane Noreg har fått. Det er synd at det skal vera naudsynt å ha slike avtalar. Men slik som vi har fått dei, trur eg dei skal gjera god nytte for seg til å verja handelen vår og til å styrkje nøytraliteten vår.

**Vinje:** Utenriksministeren sa at vi skulle opprettholde normal handel med alle de land som er i krig. Jeg vil spørre om reglene om normal handel også gjelder nøytrale land ute i Europa, slik, at vi etter avtalen i det hele tatt ikke kan øke vår eksport og heller ikke kan oppta nye markeder. Hvis det f. eks. er et nøytralt land som vi i 1938 ikke solgte varer til — jeg tenker da spesielt på sild og fiskeprodukter — er vi da under krigen avskåret adgangen til å oppta dette nye marked? Det har stor interesse for Vestlandet, som ligger inne med store partier saltet sild, å få rede på om avtalen også binder handelen med nøytrale land ute i Europa.

**Moseid:** Jeg vil takke den ærede utenriksminister for den overmåte interessante utredning om de handelsavtaler som er avsluttet med England og Tyskland. Men det er selvsagt helt umulig for Stortingets medlemmer å gjøre seg opp noen begrunnet mening om innholdet av disse avtaler på stående fot. Det må derfor være anledning til å få satt seg inn i spørsmålene på annen måte, ikke bare av hensyn til handelsavtalene, slik som de foreligger i dag, men av hensyn til de mange spørsmål av reell og stor betydning for vårt land som vil kunne oppstå i en nærmere eller fjernere fremtid, og som Stortinget kan bli nødt til på kort varsel å måtte ta stilling til. I et tidligere hemmelig møte, hvor et spørsmål som tangerte handelsavtalen med England, var under behandling, gjorde jeg oppmerksom på at etter den ordlyd som vår grunnlovs § 26 ved grunnlovsforandringen 1931 har fått, er Regjeringens plikt til å forelegge for Stortinget traktater av viktighet, utvidet, og at denne bestemmelse gjelder

også i dette tilfelle. Ved den grunnlovsforandring har § 26, annet ledd, følgende lydelse:

«Traktater angaaende Sager af særlig Vigtighed og i alle Tilfælde Traktater, hvis Iværksættelse efter Konstitutionen nødvendigjør en ny Lov eller Storthingsbeslutning, bliver først bindende, naar Stortinget har givet sit Samtykke dertil.»

Det kan ikke være tvilsomt at de handelsavtaler som det her er tale om, går inn under Grunnlovens betegnelse «traktater». Det kan heller ikke være tvilsomt at det er traktater angående saker av særlig viktighet, og det skulle derfor være gitt at de må forelegges Stortinget til godkjennelse før de er gyldige. Det som her muligens kan reise tvil, er dette at de betegnes som midlertidige. Det er fra statsrettslærdes side gjort gjeldende at hvis handelsavtaler er av rent midlertidig art, kan det være et spørsmål om Stortingets godkjennelse er nødvendig. Men i dette tilfelle er jo ikke midlertidigheten av den art at det for Norge står fritt for nårsomhelst å oppheve handelsavtalen. For Norge må en gå ut fra at disse handelsavtaler i realiteten blir bindende for den tid krigen varer, og det er vel grunn til å frykte for at det kan bli lang tid. Etter min mening er det derfor nødvendig at disse handelsavtaler forelegges Stortinget, og jeg går ut fra at Regjeringen har fulgt den vanlige praksis og har tatt det nødvendige forbehold herom.

**Hambro:** På grunnlag av de temmelig sparsomme opplysninger Stortinget har fått idag, er det ugjærlig for Stortingets medlemmer å gjøre sig op en klar mening om hvorvidt det forholder sig slik som av hr. Moseid nu nevnt, eller om de inngåtte avtaler er av den art at de ikke behøver noen formell godkjennelse av Stortinget. Men hvad jeg anser for uomgjengelig nødvendig, det er at Stortinget snart mulig får sig oversendt avtalenes ordlyd med de tilhørende dokumenter. Stortingets medlemmer er snart de eneste interesserte som intet vet om disse avtaler. Næringskorporasjoner, rederorganisasjoner, interesserte utover det hele land, vet en rekke ting som Stortinget ingen meddelelse har fått om. I utenriksministerens redegjørelse blev der ikke nevnt et ord om flåteavtalen med England, om de tillegg til den foreløbige flåteavtale som måtte rummes i denne avtale. Vi diskuterte nylig i Stortinget en bemyndigelse til å overta en garanti for Norges Bank for tap som eventuelt måtte bli en følge av en tilleggsavtale med bankene foranlediget ved forutsetningene for handelsavtalen, og det spørsmål som hr. Moseid var inne på nu, blev også da reist. Det er en helt given ting at Stor-

tinget må få alle dokumenter her. Vi kan ikke fortsette på denne måte, at vi får en kursrisk gjennomgåelse av viktige aktstykker, uten at Stortinget egentlig vet hvad det virkelig gjelder og kan ta standpunkt til det; og jeg går ut fra at i den form som Regjeringen finner mest elastisk, vil selve avtalene snarest mulig bli sendt enten til Stortinget eller til utenrikskomiteen til videre avgjørelse av Stortinget. Vi går i fullkomment mørke på de viktigste punkter, og det kan ikke fortsette.

Jeg har et par spørsmål som jeg gjerne vilde gjøre, ikke foranlediget ved handelsavtalene, men foranlediget ved tidligere redegjørelser og aktuelle begivenheter, og jeg vil få lov til å nevne dem. Der er til Stortingets utenrikskomite fra Kongsvinger formannskap kommet en enstemmig protest mot den måte hvorpå de internerte tyske mannskaper beveger sig deroppe og har sin frihet, som Kongsvinger formannskap finner uhyre lite overensstemmende med landets interesser. Kongsvinger formannskap meddeler at det til Forsvarsdepartementet og Regjeringen har sendt en lignende protest, og ber om at den blir tatt tilfølge. Da det i avisenes kommunikeer i forbindelse med den tyske undervannsbåt U 21, hvis mannskap nu skal interneres, har stått antydnet at dette muligens skulde sendes til Kongsvinger, vilde jeg gjerne spørre den ærede forsvarsminister om der er truffet noen avgjørelse i så henseende, om Forsvarsdepartementet finner at de innvendinger som er reist av Kongsvinger formannskap mot formene for interneringen deroppe, er berettiget, og om der vil bli tatt hensyn til dem.

Samtidig vil jeg gjerne spørre om der nu foreligger noe svar fra England på de forskjellige forslag vedrørende «Altmark»-affæren. Stortinget er jo overhodet ikke bekjent med noen noteveksling, og Stortinget vet om engelsk svar kun forlydender som har stått i forskjellige innen- og utenlandske blad.

Jeg vil også gjerne spørre om der er kommet noe svar på de protestnoter som er avgitt i Berlin, og som utenriksministeren tidligere har gjort rede for både i Stortinget for lukkede dører og offentlig. Jeg tror at samtlige medlemmer av Stortinget ønsker i den utstrekning det er mulig, å bli holdt a jour med disse ting.

Jeg vil også benytte anledningen til å rette en henstilling både til Stortingets representanter og til representantene for pressen om å iaktta den ytterste forsiktighet også med omtalen av selve den ting at der holdes møter for lukkede dører i Stortinget. Jeg fikk nettop melding om at der nu i formiddag kom te-

